



Lagshytta Fjelly frå 1917 - 100 års markering til neste år.

Lagshytta Fjelly frå 1917 har vore eit godt overnattingsstilbod ved Mannsvatn i snart 100 år. Våren 2017 vert det markering med aktivitetar for alle aldersgrupper. Eit stort dugnadsarbeid dei siste åra har ført til at hytta er opprusta og fornya. Fjelly er eit populært turmål. Ja, hytta har faktisk vore i bruk kvar helg i haust og er ikkje ledig før november månad.

Janne Yri frå hyttestyret er godt nøgd med alt arbeidet som er gjort. Lista er lang og alt er gjort med god støtte frå bygdefolket og dugnadsgjengen.

- Ny ytterdør
- Hytta er måla både ute- og innvendig
- Nytt kjøkken
- Støypt nye støtter som fundament
- Nytt golv i deler av hytta
- Nytt og isolert tak i stova
- Nye dører i nauset
- Klargjort for montering av ny plating ute
- Bygd om og teke bort to senger

Er det noko som manglar no, spør vi. Det må vera nye møblar. No veit vi det. Lagshytta Fjelly treng nye møblar i stova. Dersom nokon har gode tankar om det, ta kontakt med hyttestyret v/ Janne Yri eller Anette Sund.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Hytta er opprusta med mellom anna nytt kjøkken og nytt golv.